

Kasjmirgeiter på plass att

10.08.2010



Tore Eik i Omvikdalen veit framleis ikkje kor dei 5 kasjmirbukkane han slapp godt inngjerda på Kviteberghammaren på Rød har teke vegen.

Men no har han sluppe ein ny flokk som er i full gang med å kosa seg med det saftige graset på den fine plassen, ein av dei finaste langs fjorden.

Det er 10 dyr i flokken og no inneheld den både bukkar og geiter, opplyser Tore, som satsar sterkt på kasjmirgeit og har 60-70 vaksne dyr for tida. Noi håpar han at flokken på Rød skal trivs og gjera jobben sin i området.

Det er kva som med eit fint ord kallast landskapspleie - ein av tre svært gode grunnar for satsinga på kasjmirgeit. Dei to andre grunnane er ull og kjøt. Og når det gjeld pleie av landskapet er det knapt noko dyr som gjer så god jobb som kasjmirgeita.

Ho har ikkje noko lang historie her i landet. Den første kom hit i 1993 som import til Landbruksfakulteten på Ås og sidan har ho spreidd seg kraftig.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

